

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 2:

Det er behov for å erstatte dagens servicelinje i sentrum med eit betre tilbod til eldre og andre som ikkje har høve til å sykle og gå innafor sentrumskjernen. Ein vil derfor jobbe vidare med eit *anna alternativ, til dømes eit ringbussalternativ* for Bergen sentrum.»

Trude Brosvik (Krf) sette fram slik protokollmerknad:

«Vedtak frå RMNF vart referert i møte:

Sak 10/20

Ordninga med sørvislinjene må også vere eit mogleg tilbod til brukarar med nedsett funksjonsevne.

RMNF meiner at sørvislinjene må vidareførast eller erstattast med andre tilsvarande ordningar som td sørvissyss. Tilbodet må forsikrast å vere fullt ut tilgjengeleg for alle brukarar.»

Avrøysting

Det var 14 medlemmer til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 7 røyster (SV, Krf, FNB og A) med møteleiar si røyst.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ber om at det blir teke initiativ til eit samarbeidsprosjekt med Bergen kommune, som har til formål å iverksette utprøving av eit fleksibelt kollektivtilbod for eldre i tråd med tilrådingane i saka.
2. Det er behov for å erstatte dagens servicelinje i sentrum med eit betre tilbod til eldre og andre som ikkje har høve til å sykle og gå innafor sentrumskjernen. Ein vil derfor jobbe vidare med eit *anna alternativ, til dømes eit ringbussalternativ* for Bergen sentrum.

Protokollmerknad frå Trude Brosvik (Krf):

Vedtak frå RMNF vart referert i møte:

Sak 10/20

Ordninga med sørvislinjene må også vere eit mogleg tilbod til brukarar med nedsett funksjonsevne.

RMNF meiner at sørvislinjene må vidareførast eller erstattast med andre tilsvarande ordningar som td sørvissyss. Tilbodet må forsikrast å vere fullt ut tilgjengeleg for alle brukarar.